Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 ard og plog — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Granvin

Emne: — Bygdelag: d.s.

Oppskr. av: Jon Hauhanes d.e. — Gard: Hauhanes

(adresse): Folkedal — G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1-2-3 Både ar og plog var brukte i bygdi i gamle dagar. Ar'n veit eg ikkje um er i bruk her i bygdi, men i Ullensvang på Austestrondi hev den vore i bruk enno. Han vart nytta fyre såingi, og rekka kornet ned med grev. Den vart brukt til å rada upp reiter for poteta.

4. Ås og skjera var i eit trestykke med jarnbeslag på skjera og liknar helst på fig. no. 3 og med ei styregrind som på no 1. Ein slik er på Hauhanes enno. Den

5. var brukt av mine fedrar. Styke her på den hev eg ikkje set.

6. Skoklar til plogen kallast bêlnar.

7. Truleg ikkje

8. nei.

9. Hev ikkje høyrt det.

10. nei.

11 Fig. 5, 6 og 7 kallar eg plog. Er det velte-fjøler, so fær reidskapen namn av ~~tre~~ plog — treplog. Dei eldste plogane var treplogar. Dei hadde ristidl, som var stillbar, men veltefjølene ikkje. Dei var av tre på treplogen, men av jarn på jarnplogen. Hev ikkje set stillbare veltefjøler.

3283

12-13. Åsen var laga av gardmannen sjølv. Men jarnplogane av bygdesmear. No er det berre plogar av jarn eller noko støypemalm som er i bruk, serleg typen Kverneland og Underhaug, frå Jæren.

Ein moderne jarnplog var kjøpt av far min umlag 1880. Då var ein plog av ein bygdesmed avløyst. Plogen frå 1880 kosta truleg 20-25 kr. Plogen frå bygdesmeden frå 1860-åra kosta vel umlag 3 dalar. Åsen var av tre, og resten av plogen var av jarn, når ein undtek styregrinda, som ogso var av ~~jarn~~ tre.

Dei eldste plogar eg hev set var av
14-15. tre alt saman. Veltefjøli var ikkje vridd. Solen var av tre, - seinare kom jarnslag på den. Eg veit ikkje um plogkaren hadde øks eller spade med for å rensa plogen eller veltefjøla. Eg hev set treplogar med 2 veltefjøler, ei til kvar sida; det var nok til poteter den var brukt.

16 Ein velta plogen til eine sida på tilbakevegen, snart den eine, snart på den andre sida.

Svingplogen var slik at ein kunde svinga veltefjøl og skjæret over på hi sida, so ein pløgde både fram og tilbake. Men dei fann ut at det var for tungt for øyken å pløgja fram og tilbake. — Ein klass på plogen som i
17 fig. 9 kan ein enno ha på åsen - ikkje namn.

3283

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

18 Ein hadde som regel berre ein plog
på garden – til høgre eller vinstre, etter
som åkeren låg i lendet. Større gardar
hadde gjerne ein høgre- og ein vinstreplog
Her på garden hev me alltid havt ein
høgre-plog

19 Til vanleg pløgde ein 6 tommar
djupt, men i vårtidi frå 6 til 9 tommar.
Framme på åsen var ein slepsko, og no
hev ein eit hjul-foran, ~~som~~ ein kan
20 stilla djupni so plogføri. Det var og er
ein ristidl framme på plogen.

21 Kjenner ikkje til plog som fig 10 og
22-23 kjenner heller ikkje til slede som kjørde plogen
til åkeren. Kan tenkja meg at der dei ikkje
hadde kjerra med hjul, brukte dei mykje ~~[illegible]~~
sleden til dette bruk. – Jarlsbergplogen
hev eg ikkje høyrt gjete her.

Ein segjer:
ein plog, ein ar

7-6-1949.

Jon Haukanes d.e.

3283
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING